

Lindås kommune
Ostereidet ungdomsskule

Varsel om tilsyn med Ostereidet ungdomsskule – Felles nasjonalt tilsyn 2016

Fylkesmannen i Hordaland skal gjennomføre tilsyn med Lindås kommune, Ostereidet ungdomsskule, med tema

- 1. Skulens arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa.**
- 2. Skulebasert vurdering**
- 3. Forvaltningskompetanse**

Førebels tidsplan er slik:

Formøte, Statens hus 1. et, møterom Eik:	Torsdag 22. august 2016 kl. 0900-1100
Frist for innsending av dokumentasjon:	Fredag 30. september 2016
Gjennomføring av intervju:	Veke 43
Sluttmøte:	Torsdag 1. desember 2016

Fylkesmannen tek atterhald om endringar i planen. Tidsplan for intervju vil bli utarbeidd i forkant av tilsynet i samarbeid med kommunen og skulen.

Gjennomføring av tilsynet

Fylkesmannen innhentar dokumentasjon frå skulen og gjennomfører intervju med tilsette.

Dokumentasjon

1. Skulen skal nytte det nettbaserte verktøyet RefLex til eigenvurdering og dokumentasjon knytt til tilsynsystema, *Skulen sitt arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa, Skulebasert vurdering, Forvaltningskompetanse og Skuleeigar sitt forsvarlege system*. Verktøyet vil bli presentert på formøte 22. august.
<http://www.udir.no/Regelverk/Tilsyn/reflex/>

Dokumentasjonen knytt til eigenvurderinga skal omfatte faga norsk, matematikk og kunst- og handverk på 9. og 10. trinn.

Fylkesmannen vil på formøte drøfte med skuleeigar og rektor utval av klassar og lærarar som dokumentasjonen særleg skal vere knytt opp mot.

2. Dokumentasjon av enkeltvedtak om spesialundervisning, med sakkunnig vurdering og tilhøyrande IOP. Denne dokumentasjonen er knytt til tilsynsområdet Skulens arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa. **Skulen skal sende inn 5 enkeltvedtak med tilhøyrande IOP. Denne dokumentasjonen, og dokumentasjon av andre enkeltvedtak knytt til tilsynsområdet Forvaltningskompetanse, må sendast med vanleg post.**